

# Nærmiljøtiltak (KF-511)



Referansenummer: DJH8YP

Registrert dato: 27.03.2021 20:17:14

Talet på vedlegg: 2

## Innleiing

Søkjjar/organisasjon

Organisasjonsnummer

915183255

Namn

Kjørnes Vel

Adresse

Brendehaug 19

Postnummer

6856

Poststad

SOGNDAL

E-post

fkgrutte@gmail.com

Telefon

97653769

Bankkontonummer

37201777632

Kontaktperson

Namn

Frode Grøttebø

Funksjon

Styremedlem

Epost

fkgrutte@gmail.com

## Tiltaket og budsjett

Grei ut om tiltaket

Kjørnes er ei grend ca. 4 kilometer utanfor Sogndal sentrum som har vekse kraftig dei siste åra. Innbyggartalet i grenda er truleg passert 1000 personar og feltet er ikkje ferdig utbygd.

Velforening har vore etablert sidan grenda vart til (80-talet) og legg til rette for tiltak som kjem grenda og innbyggjarar til gode.

Det blei regulert og etablert ein større leikeplass/aktivitetspark på Kjørnes på 80-talet, og det var høg aktivitet og dugnadsvilje gjennom 80- og 90-talet. Ein ny generasjon veks no til og anleggssituasjonen er, slik velet ser det ikkje dimensjonert for dette.

Dei siste par åra har det vore ei eksplosiv auke i antal innbyggjarar på Kjørnes, spesielt småbarnsfamiliar, og behovet for gode leike- og aktivitetsområde har blitt prekært. Det er eit stort engasjement blant foreldre og eit aktivt styre som ynskjer eit stort løft for Kjørnes. Dette har resultert i at leikeplassen på øvre Kjørnes (sjå kart) er blitt peika ut som eit av velet sine hovudsatsingsområder på Kjørnes for dei neste åra. Dugnadsinnsatsen har vore formidabel

når det gjeld rydding av eksisterande og nye areal forleik/aktivitet. I tillegg er det lagt ned eit stort dugnadsarbeid på rundt 500 arbeidstimar i 2019 med etablering av sykkelbane.

Det er ei blanda befolkning på Kjørnes, men ein overvekt av familiar med små born. Det er store kull i barnehage og på låge trinn i grunnskulen. Denne gruppa veks gradvis ut av leikeplassane i området og treng eit anna fritidstilbod i bygda. Ved å bygge anlegget no vil denne gruppa vil vekse inn i det nye anlegg og ha høve til stor grad av fysisk aktivitet og leik der.

Kjørnes vel har frå tidlegare prosjekt erfaring med at dugnadsinnsatsen er stor og at det i området er ein allsidig kompetanse til å gjennomføre prosjektet på ein god måte.

Nye Sogndal kommune sin plan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett har det overordna målet «fysisk aktivitet for alle». Den organiserte idretten må få moglegheit for utvikling, samtidig som ein legg til rette for kvardagsaktivitet og tilbod i nærleiken av der folk bur.

Dei to prosjekta på Kjørnes vil, med utgangspunkt i dette overordna målet, støtte opp under nye Sogndal kommune sine satsingar. Det er i dag stor aktivitet i området, og det vil vere naturleg at denne aktiviteten aukar betrakteleg ved opprusting av anlegget.

Kjørnes er eit område med låg anleggsdekning og ein er i stor grad avhengig av bil for å komme seg til anlegg. Planen til Nye Sogndal kommune legg opp til aktivitet der folk bur, og eit aktivitetsområde på Kjørnes er difor i tråd med planen.

Korleis tek tiltaket ansvar for miljø og klima? (Materialer, avfall, CO2 avtrykk)

Nærmiljøanlegg reduserer bruk av bil for innbyggjarane på Kjørnes. Både Kaupanger og Sogndal har gode anlegg, men ein er då avhengig av bil for å komme til anlegga.

Budsjetterte utgifter	Beløp
Samla utgifter aktivitetspark	1766388
	<b>1766388</b>

Budsjetterte inntekter	Beløp
Tilskot	130000
	<b>130000</b>

#### Finansiering

Sum budsjetterte inntekter

130000

Eigenkapital

82000

Tilskot frå andre

130000

Ønskja tilskot frå kommunen

80000

Sum

422000

#### Vedlagt dokumentliste

Heile ny 140420.xlsx

Søknad om tilskot til nærmiljøanlegg.docx